

# Budsjett 2018



Foto: Erik Clement



Budsjettdokument for 2018 og  
økonomiplan for 2018 - 2021

Med endringer og merknader  
vedtekne i kommunestyret sak  
061/2017



**RADØY**  
den grønne øya





Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Framlegget til budsjett for 2018 bygger på rekneskapen for 2016, budsjett 2017 og statsbudsjettet for 2018.

Realistisk budsjett og streng kostnadsfokus vil vere heilt sentralt også i 2018. Budsjettet legg opp til eit svært lite mindreforbruk. Dette for å kunne få drift på nokonlunde same nivå som i 2017. Det er i tillegg naudsynt med styrking av drifta på nokre få område.

2018 vil vere eit viktig år for bygging av Alver kommune. Samanslåinga vil krevje mykje i 2018 av mange personar i organisasjonen, spesielt leing og dei som vil få dei største endringane ved samanslåinga. Tenestene må liggja på eit forsvarleg nivå, men forventningane til ein del aktivitet må tilpassast situasjonen og må nok justerast ned for både 2018 og 2019. Vi har lite personellressursar på ein del område og vi er derfor sårbare når personell vert bundne opp i bygginga av ny kommune. Dessutan er faren for at nøkkelpersonell sluttar til stades og antakeleg aukande. Det bør sjåast på ordningar som kan demme opp for dette.

Når det gjeld investeringar er det lagt opp til eit relativt omfattande budsjett, både når det gjeld aktivitetsnivå og økonomisk ramme. Det er nokre få postar som står for store delar av budsjettet, med bygging av ny barnehage på Bø og kjøp av Solhall, samt investeringar i VA. Men både 2018 og 2019 er strategisk viktige år og bestemmer kva kommunen skal få utført før kommunesamanslåinga. Økonomiplanperioden går fleire år inn i ny kommune og for desse åra er det viktig for å vise kva Radøy kommune vektlegg for Radøy inn i den nye kommunen.

## Kommunen som tenesteleverandør

Radøy kommune skal levera ei rekkje tenester til innbyggjarane i Radøy, frå jordmortenester ved fødsel, via barnehage og skule under oppveksten, til pleie- og omsorgstenester til eldre og andre som har trong for pleie, tilsyn eller anna hjelp til å meistra kvardagen. I tillegg skal det leverast mange andre tenester undervegs, frå musikk- og kulturskule til vassforsyning og stell av grøntanlegg.

Til å finansiera alt dette får kommunen overført midlar frå staten i form av rammetilskot og skatt, i tillegg til ymse andre tilskot og overføringar. Innbyggjarane betalar eigedomsskatt og gebyr eller eigenbetaling for ein del tenester. Til saman må dette «gå rundt» og samstundes gje tilstrekkeleg overskot til at kommunen ikkje vert utarma over tid.

Staten fastset storleiken på rammetilskot, og langt på veg skatt, i statsbudsjettet. Rammetilskotet kan kommunen ikkje påverka på annan måte enn gjennom folketalet. Refusjoninntekter og overføringar er i stor grad knytt til produksjon av tenester og skal i beste fall dekkja kostnadene som følgjer av dette. Eigenbetalingar og gebyr er regulerte anten gjennom sjølvkost eller direkte i forskrift. Dei samla inntektene er såleis lite påverkelege, og dei ein kan gjera noko med, er det som regel

vanskeleg å auka utan at dette fører til minst like store meirkostnader. Dette er noko av det som skil kommunebudsjett frå budsjett i private verksemdar.


## Rammetilskot

Diagrammet nedst på denne sida syner utviklinga i folketal, fordelt på ulike aldersgrupper i Radøy dei to siste åra. Vi ser særleg auke i aldersgruppa 67-89 år, men også noko auke i aldersgruppene 2-5 og 16-22 år. Folketalet pr 1.7. er avgjerande for storleiken på rammetilskot for 2018, medan folketalet 1. januar 2018 bestemmer pårekna skatteinngang.

Pr 1. juli 2017 var folketalet i Radøy 5.113, ein vekst på 23 innbyggjarar samanlikna med same tidspunkt i 2016. Dette er ein auke på 0,45 prosent, medan landsveksten er på ca 0,78 prosent. Folketalet pr 1. januar 2018 blir først kjent i februar 2018.

Tabellen på neste side syner fordelinga av rammetilskotet for dei tre siste åra. Vi ser at innbyggjartilskotet for 2018 har auka med om lag 2,6 mill samanlikna med 2017, medan utgiftsutjamninga har auka med om lag kr 785.000. For skatteinngangen er det føresett ein forsiktig auke samanlikna med pårekna faktiske tal for 2017. Det særskilde tilskotet til kommunar som slår seg saman kom i 2017 og

## Endring i aldersgrupper pr 1.7. to siste år



Hovudoversyn drift 2018	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukarbetalingar	16 455 978	15 483 000	15 948 000	18 689 216
Andre sals- og leigeinntekter	30 085 641	26 409 000	28 942 000	27 821 556
Overføringar med krav til motyting	56 783 279	39 014 822	38 864 497	39 497 676
Rammetilskot	159 140 749	166 740 000	164 201 000	168 988 000
Andre statlege overføringar	14 687 832	11 715 000	11 715 000	15 104 500
Andre overføringar	52 877	-	-	-
Skatt på inntekt og formue	115 873 173	115 272 000	117 172 000	121 100 000
Eigedomsskatt	12 425 769	13 021 000	15 121 000	15 197 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>405 505 298</b>	<b>387 654 822</b>	<b>391 963 497</b>	<b>406 397 948</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønsutgifter	226 718 887	224 058 468	226 649 117	236 557 387
Sosiale utgifter	60 544 721	62 982 170	63 971 012	65 377 893
Kjøp av varer/ten. som inngår i tenesteprod.	48 458 244	45 905 979	45 719 479	46 089 377
Kjøp av tenester som erstattar tenesteprod	25 727 603	27 636 000	28 668 000	32 484 000
Overføringar med krav til motyting	22 495 152	17 492 000	18 223 000	20 171 800
Avskrivningar	14 804 585	15 400 000	15 400 000	15 600 000
Fordeelte utgifter	-2 348 350	-2 790 500	-2 790 500	-710 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>396 400 842</b>	<b>390 684 117</b>	<b>395 840 108</b>	<b>415 570 457</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>9 104 456</b>	<b>-3 029 295</b>	<b>-3 876 611</b>	<b>-9 172 509</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbyte	5 285 287	3 815 000	4 888 000	3 987 000
Mottekne avdrag på utlån	202 820	60 000	60 000	60 000
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>5 488 107</b>	<b>3 875 000</b>	<b>4 948 000</b>	<b>4 047 000</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og lånekostnader	5 259 209	6 579 000	6 579 000	5 609 000
Avdrag på lån	8 331 360	8 624 000	8 924 000	8 994 000
Utlån	164 318	60 000	60 000	60 000
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>13 754 887</b>	<b>15 263 000</b>	<b>15 563 000</b>	<b>14 663 000</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-8 266 780</b>	<b>-11 388 000</b>	<b>-10 615 000</b>	<b>-10 616 000</b>
Motpost avskrivningar	14 804 585	15 400 000	15 400 000	15 600 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>15 642 261</b>	<b>982 705</b>	<b>908 389</b>	<b>-4 188 509</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>				
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år	3 256 655	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	49 000	475 000	1 082 100	2 243 000
Bruk av bundne fond	1 014 496	1 913 000	1 913 000	3 908 000
<b>Sum bruk av avsette midlar</b>	<b>4 320 151</b>	<b>2 388 000</b>	<b>2 995 100</b>	<b>6 151 000</b>
Overført til investeringsregnskapen	-	-	-	-
Dekking av meirforbruk frå tidl. år	-	-	-	-
Avsett til disposisjonsfond	3 256 655	-	-	-
Avsett til bundne fond	3 532 312	4 000	4 000	-
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>6 788 967</b>	<b>4 000</b>	<b>4 000</b>	<b>-</b>
<b>Meir (-) /mindre (+) forbruk</b>	<b>13 173 445</b>	<b>3 366 705</b>	<b>3 899 489</b>	<b>1 962 492</b>

vert vidareført og prisjustert for 2018. I talet 3,2 mill ligg også eit regionsentertilskot på 0,9 mill. Det går fram av føringane i statsbudsjettet at denne summen skal overførast fellesnemnda i 2018.

Utgiftsutjamninga vart lagt om frå 2017, og ny modell vert vidareført. Utgiftsutjamninga er eit komplisert system med kriteria og vektning, som gir eit tillegg eller frådrag til innbyggjartilskotet. For Radøy sin del får vi i 2018 eit samla utrekna utgiftsbehov som er 6,44 pro-

sent høgare enn landsgjennomsnittet. Dette gir 16,2 mill i utgiftsutjamning i 2018. Dei største positive utslaga, i den forstand at vi får ekstra midlar, er knytt til tal psykisk utviklingshemma over 16 år, tal born i aldersgruppa 2-5 år og tal personar i aldersgruppa 80-89 år. Trekk i utgiftsutjamninga kjem først og fremst som følgje av tal innbyggjarar med høgare utdanning, tal flyktningar utan integreringstilskot og tal personar i aldersgruppa 23-66 år. Skjønstilskot frå Fylkesmannen er gitt med 3,6 mill. for 2018, som i realiteten

er ei vidareføring av tilskotet frå 2017. Den samla skjønnsramma er redusert, og dette syner at fylkesmannen har forståing for Radøy kommune sin økonomiske situasjon.

#### Skatteinntekter

I framlegget til statsbudsjett er det rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 1,94 prosent. Det er lagt opp til at skatteøyret vert 11,8 prosent, uendra frå 2017. Endeleg sats vert først fastsett ved handsaming i Stortinget, og rådmannen legg til grunn at Radøy kommune følgjer

Budsjettskjema 1A - 2018	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	115 873 173	115 272 000	117 172 000	121 100 000
Ordinært rammetilskot	159 140 749	166 740 000	164 201 000	168 988 000
Skatt på eigedom	12 425 769	13 021 000	15 121 000	15 197 000
Andre generelle statstilskot	12 842 832	11 715 000	11 715 000	15 104 500
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>300 282 523</b>	<b>306 748 000</b>	<b>308 209 000</b>	<b>320 389 500</b>
Renteinntekter og utbytte	-5 282 948	-3 815 000	-4 888 000	-3 987 000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	5 256 050	6 579 000	6 579 000	5 609 000
Avdrag på lån	8 331 360	8 624 000	8 924 000	8 994 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>8 304 462</b>	<b>11 388 000</b>	<b>10 615 000</b>	<b>10 616 000</b>
Til dekning av tidligare regnsk.m. meirforbruk	3 256 655	-	-	-
Til bundne avsetningar				
Bruk av ubundne avsetjingar				
Bruk av bundne avsetjingarr				
<b>Netto avsetjingar</b>	<b>3 256 655</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Overført til investeringsrekneskapen				
<b>Til fordeling drift</b>	<b>291 978 061</b>	<b>295 360 000</b>	<b>297 594 000</b>	<b>309 773 500</b>
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	278 804 616	291 993 295	293 694 511	307 811 009
<b>Reknskapsmessig meir/mindreforbruk</b>	<b>13 173 445</b>	<b>3 366 705</b>	<b>3 899 489</b>	<b>1 962 492</b>

satsane som vert vedtekne av Stortinget for 2018.

Skatteinngangen er alltid usikker, men sidan Radøy kommune har skatteinngang under 90 prosent av landsgjennomsnittet, får lokal endring i skatteinngangen mindre å seia for inntekta vår. Til gjengjeld vil endring i skatteinngangen på landsplan ha sterk innverknad. Dette skuldast ordninga med inntektsutjamning. Inntektsutjamninga blir i rekneskap og budsjett ført som ein del av rammetilskotet.

Pårekna pris- og lønsvest er sett til 2,6 prosent. I framlegget til statsbudsjett er det lagt til grunn at Radøy kommune sine inntekter aukar med 2 prosent neste år. I realiteten er dette ein nedgang i dei frie inntektene. KS har estimert den faktiske realveksten i dei frie inntektene til 0,1% for kommunane samla.

I framlegget til statsbudsjett går det fram at auka frie inntekter er tenkt å dekkja auka ressursinnsats på følgjande område:

- Endring i folkemengd og alderssamansetjing
- Auka pensjonskostnader
- Auka satsing innan rusomsorg
- Tidleg innsats barnehage og skule
- Førebyggjande tiltak for born, unge og familiar.

Midlane er ikkje øyremarka, og det er kommunestyret som prioriterer bruken av dei samla frie inntektene.

**Eigedomsskatten** vert føreslegen vidareført med 7 promille som hovudsats, men med 3 promille på bustader og ubygde grunnstykke.

**Integreringstilskotet** aukar noko som

følgje av nye flyktningar som har kome i 2017 og det er lagt til grunn 10 nye flyktningar i 2018. Det er uvisse knytt til tal flyktningar, mellom anna fordi tilstrøyminga av asylsøkarar er monaleg redusert. Frå IMDI har det kome signal om at ikkje alle kommunar vil bli bedne om å busetja flyktningar, medan andre vil busetja færre enn tidlegare år.

**Renteinntekter og utbytte** er sett til kr 4 mill. Aksjeutbyttet i BKK er sett til kr 2,9 mill i samsvar med notat frå styret i BKK 23.06.2017. Renter på bankinnskot er knytt til 3 månaders NIBOR, som er rentenivået mellom bankane i Noreg. Nivået på 3 mnd NIBOR ser ut til å ha stabilisert seg rundt 0,9 prosent, noko som tilseier ei gjennomsnittleg rente på innskot på ca 1,2 prosent. Dette gir renteinntekter av bankinnskot kr 700.000 som eit optimistisk anslag.

**Renteutgifter** er estimert til nær 5,6 mill i 2018. Kommunen har fastrentevtale på tre lån i Kommunalbanken, bundne til 2,49 prosent fram til 2019. Denne rentebindinga vart gjort i august 2014, og på dette tidspunktet vurderte rådmannen det som rett å gå inn for binding i fem år, for å sikra føreseieleg rente på ein del av lånemassen. For dei resterande låna har vi flytande rente. Den flytande renta i Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt er for tida (oktober 2017) ca 1,5

Rammetilskot og skatt (tal i heile tusen)	2016	2017	2018
Innbyggjartilskot (lik sum pr innbyggjar i heile landet)	114 384	118 662	121 311
Utgiftsutjamning	16 951	15 484	16 269
Overgangsordningar	1 016	623	-365
Saker med særskilt fordeling	723	1 214	1 155
Ordinært skjøn	3 600	3 700	3 600
Inntektsutjamning	21 531	23 321	23 775
Skatteinngang	115 873	118 793	121 100
Særskilt samanslåingstilskot		2 735	3 243
Budsjettavtale og RNB 2017		-114	
<b>Sum rammetilskot og skatt</b>	<b>274 814</b>	<b>284 418</b>	<b>290 100</b>

prosent.

Mykje tyder på at rentenivået vert liggjande ganske flatt i i ein lengre periode, sjå Noregs bank si rentevifte i diagrammet nedanfor. Rådmannen har difor valt å setja rentenivået i 2018 til 1,55 prosent på lån med flytande rente.

**Avdragskostnaden** er sett til 9,25 mill i 2018. Kommunen er pålagt å betala avdrag kvart år, og det er fastsett retningliner for å rekna ut minsteavdrag, der ein legg til grunn vekta gjennomsnitt basert på avskrivningstida til dei ulike anleggsmidlane. Fylkesmannen legg til grunn at avdraga bør vera 3,5 prosent av lånegjelda kvart år, og budsjetterte avdrag er om lag i samsvar med dette.

**Brutto lånegjeld**, inkl. lån til vidare utlån, vil pr 1.1.2018 vera ca kr 280 mill. Med planlagde låneopptak og avdrag i 2018, vil lånegjelda auka til ca 340 mill ved utgangen av 2018.

Radøy kommune har ei lånegjeld som er lågare enn mange andre kommunar, men likevel er gjelda høg i absolutte tal. Radøy kommune har lågare skatteinngang og høgare utgifter enn gjennomsnittskommunen, og må difor ha lågare gjeldsgrad.

Eit mykje nytta samanlikningstal for å vurdera gjeldsnivået er netto lånegjeld i prosent av sum brutto driftsinntekter. Rådmannen ser at det må gjerast ein del viktig investeringar i åra som kjem, og dette vil føra til auke av lånegjelda. Slik budsjett og økonomiplan ligg føre, vil lånegjelda overstiga 100 prosent av


driftsinntektene i 2021. Auka lånegjeld fører til auka avdrags- og rentekostnad i driftsrekneskapen, noko som krev at driftskostnadene i kommunen må reduserast i åra som kjem.

**Pensjonskostnaden** er venta å auka moderat i 2018, men premieavviket blir stort, ca 11,2 mill. Det betyr at Radøy kommune betalar inn langt meir premie enn det som vert kostnadsført i 2018. Det akkumulerte premieavviket vil såleis auka monaleg.

**Netto driftsresultat** er på om lag -3,8 mill, eller -0,9 prosent av driftsinntektene. Resultatet burde vore positivt med om lag 1,75 prosent, noko som ville ha tilsvart ca 10 mill.


Bruk av avsette fondsmidlar, både bundne og ubundne, gjer at botnlina likevel er svakt positiv, om lag 0,48 prosent eller knapt 2 mill. Budsjettet er i realiteten utan nokon buffer til å møte uføresette kostnader som kan koma på i løpet av 2018.

Figur 1.1a Anslag på styringsrenten med usikkerhetsvifte og anslag på styringsrenten fra PPR 1/17. <sup>1)</sup> Prosent. 1. kv. 2010 – 4. kv. 2020<sup>2)</sup>



<sup>1)</sup> Usikkerhetsviftene er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringar frå vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO. Usikkerhetsviften for styringsrenten tar ikkje hensyn til at det eksisterer en nedre grense for renten.  
<sup>2)</sup> Anslag for 2. kv. 2017 – 4. kv. 2020 (stiplet).  
 Kilde: Norges Bank

## Netto lånegjeld i % av driftsinnt.



Diagrammet til venstre syner korleis utviklinga i netto lånegjeld i høve til driftsinntektene vil vera i økonomiplanperioden. Tala er ikkje 100 prosent i samsvar med SSB sin definisjon av netto lånegjeld, men utviklinga vil i all hovudsak samsvara. Etter måten store låneopptak over fleire år, gir bratt auke av lånegjelda.

Budsjettskjema 1B 2018	2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
Stab og politisk	17 917 129	19 657 075	21 006 906	20 137 803
Oppvekst	107 267 157	113 285 399	113 949 399	121 376 275
Helse og omsorg	122 848 818	127 879 668	127 048 842	131 304 809
Drift og forvaltning	30 771 512	31 171 153	31 689 364	34 992 122
<b>SUM</b>	<b>278 804 616</b>	<b>291 993 295</b>	<b>293 694 511</b>	<b>307 811 009</b>


## Stab og politisk

Stab og politisk femner om ordførar og andre politiske organ, revisjon, rådmannen og staben hans. I tillegg kjem felles landbrukskontor, Nordhordland digitalt, tillitsvalde og ein del felles kostnader, som IKT Nh, datakommunikasjon, lisensar, kontingentar og forsikring.

Ressursbruken i rådmannsstaben er i all hovudsak uendra samanlikna med 2017, bortsett frå ordinær lønsvekst. Felles landbrukskontor og Nordhordland Digitalt er interkommunale tiltak. Det er ikkje lagt opp til vesentleg endring av aktiviteten i 2018.

Forsikringspremie knytt til personar og ansvar vert kostnadsført sentralt, bygningar og bilar på aktuelle tenesteområde. Forsikringane var ute på anbod hausten 2016, der vi fekk nye, gunstige tilbod. For 2018 vert det berre mindre endringar i premiane.

## Kostnader til administrasjon pr innb



Diagrammet ovanfor syner kostnadene til administrasjon i kvar av samanlikningskommunane. Tala er henta frå KOSTRA-rapporteringa for 2016. Kommunane har ikkje nødvendigvis heilt same praksis på kva kostnader som vert ført som administrasjon. Osterøy er noko større enn dei andre kommunane, og større kommunar har som hovudregel lågare høvesvis del administrasjon enn mindre kommunar. I 2013 var Radøy i kommunegruppe 02, frå 2014 kommunegruppe 10.

## Interkommunale samarbeidstiltak

Namn	Deltakarar	Del Radøy	R 2016	B 2017	B 2018
Nordhordland IKT drift	9	11,2 %	2 318 940	2 496 000	2 550 000
IKT strategi	9	11,2%	550 779	750 000	793 000
Nordhordland legevakt	9	12,0 %	2 431 052	2 700 000	2 730 000
Plassar for øyeblikkeleg hjelp	9	12 %	1 271 000	1 426 000	1 409 000
Nordhordland revisjon IKS	7	19,9 %	754 801	763 000	780 000
Nordhordland kemnerkontor	5	14,2 %	747 725	911 000	934 000
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	9	11,7 %	414 000	440 000	455 000
Distriktsveterinæreneste	3	37,0 %	91 046	186 000	192 000
Interkommunalt krisesenter	19	1,48 %	230 440	236 000	240 000
Teknisk - hygienisk ingeniør	7	14,0 %	119 954	120 000	130 000
Brannførebyggjande samarbeid	9	14,0 %	389 560	478 000	478 000
Brannvarslingsentral, Bergen (110)	28		198 367	204 000	204 000
Vest brann og redning (ny 2018)					200 000
Interkommunalt arkiv	31	2,85 %	129 223	130 000	130 000
Innkjøpsamarbeid Bergen kommune	15	Fast avg	95 918	116 000	120 000
Sekretariatsfunksjon kontrollutvalet	8	12,48 %	82 452	86 000	83 000
Business Region Bergen	9	0,41 %	50 770	36 000	36 000
Kompetanseprosjekt Nordhordland	9	11,3 %	42 285	45 000	45 000
Biosfæreprosjekt Nordhordland	9	11,4 %	52 911	57 000	57 000



## Oppvekst

Den samla budsjetttramman for oppvekst aukar med 6,27 prosent eller 7,1 mill samanlikna med budsjett 2017. Særleg barnehagane har betydeleg vekst, men også Manger skule aukar mykje i netto ramme. I høve til elevtalet, har barne-skulane fått auka si ramme med fleire lærarstillingar.

Radøy kommune har i mange år hatt ein eigen modell for tildeling av ressursar til skulane, utifrå ein totalpott. Modellen er basert på elevtal, og fungerer stort sett slik at auka elevtal gir auka tildeling til den ein skule, men også slik at minkande elevtal reduserer tildelinga. I praksis er det likevel ikkje heilt slik, då både Austebygd og Sæbø går ned i elevtal, men får likevel i hovudsak behalda ramma si. Dette stadfester auka ressursinnsats i skulen.

I 2017 løyvde kommunestyret ein mill ekstra til læremidlar i skulane, noko som har gitt høve til fornying av både læreverk og anna undervisningsmateriell godt ut over det vanlege.

Vi ser noko auke i kostnader til dataløsningar, som mellom anna skuldast auka bruk av elektroniske læreverk.

Skulestrukturen i Radøy har ikkje vore noko politisk tema dei siste åra. Det har vore brei semje om at 4 barneskular og ein ungdomsskule er ei god inndeling. I elevtalsprognosane for åra som kjem, varierer elevtalet på kvart klassetrinn mellom 52 og 77 elevar. Dette betyr at ein kvart år kunne hatt to eller tre klassar på kvart alderstrinn, men med gjeldande skulestruktur får vi fire eller til og med fem klassar. Her ligg ein betydeleg meir-kostnad i høve til rammeoverføringa Radøy kommune får frå staten. Men det

### Elevtal pr skule, oppdatert pr oktober 2017

	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22
Austebygd skule	54	46	48	46	44	51
Hordabø skule	99	105	104	113	106	103
Manger skule	160	175	180	183	183	182
Sæbø skule	105	92	90	100	107	111
Radøy ungdomsskule	196	190	168	167	170	183
<b>SUM</b>	<b>620</b>	<b>602</b>	<b>591</b>	<b>600</b>	<b>617</b>	<b>633</b>


Elevtala syner kor mange elevar som går på kvar ein skule. Tala er henta frå skulane si GSI-rapportering når det gjeld elevar som går på skulen (fødd 2012 eller før). Tala er såleis rimeleg korrekte i høve til privatskular og internflytting for 2016-2019. Tala for dei som startar på skulen frå 2020 og utover er basert på tal i Folkeregisteret.

er inga enkel sak å gjera noko med dette.

**Barnehagane** har også hatt jamn vekst dei siste åra. I 2018 er barnehagane tilført ytterlegare midlar for å møte etterspurnaden etter barnehageplass. Dette gjeld særleg Prestmarka barnehage, som har over halvparten av alle barnehageborna i kommunen.

I statsbudsjettet er det lagt inn at auken i rammeoverføringa til kommunane mellom anna skal nyttast til meir fleksible barnehageopptak. I Radøy har vi allereie stort sett fulle barnehagar, fordi vi har vore fleksible og teke opp born utan rett til plass både ved hovudopptaket og elles gjennom året. I praksis får dei fleste som søker plass

## Netto utgifter skulesektor pr innb 6-15 år



Radøy kommune har også ein privat barnehage, Grindheim familiebarnehage, som får tilskot i samsvar med gjeldande regelverk for slike barnehagar.

Omfanget av spesialpedagogiske styrkingstiltak i barnehagane har auka monaleg dei seinare åra. I 2018 aukar kostnadane til nye og omfattande tiltak knytt til barnehageborn med særskilde behov ytterlegare. Dette er tiltak som vi til dels må kjøpa frå andre kommunar. Dersom dette på sikt kan føre til mindre spesialundervisning i skulane, vil dette heilt klart kunne definerast som tidleg innsats i tråd med La Linea.

etter kvart dei søker, men berre dersom det ikkje fører til auke i avdelingar og/eller personell. Eit fullt ut gjennomført kontinuerleg opptak vil føra til krav om styrka bemanning, særleg vil dette gjelda pedagogar. I fleire barnehagar/avdelingar vil for lite leikeareal vera det største hinderet.

I 2015 vart det innført to nye nasjonale moderasjonsordningar for familiar med låg inntekt, som vil føre til mindre inntekt for barnehagane. Dersom maksprisen for barnehageplass i kommunen er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til familien, skal familien ha redusert pris. Ordninga går ut på at ingen skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si til barnehagen. I 2017 gjeld det for familiar som har samla inntekt som er lågare enn 500 500 kroner. Inntektsgrensa for 2018 er enno ikkje klar. Den andre nasjonale ordninga som vart innført er gratis kjernetid for 3-, 4- og 5-åringar. Frå 1. august 2016 har alle 3-, 4- og 5-åringar, og born med utsett skulestart, som bur i familiar med låg inntekt rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Denne ordninga gjeld pr i dag for familiar som har ei samla inntekt på mindre enn 450 000 kroner.

Rådmannen vurderer bemanninga og organiseringa i barnehagane som akseptabel slik føresetnadene er. Talet på avdelingar er tett knytt til barnetalet. Prestmarka er delt på tre lokalitetar, og ideelt burde desse vore samla. Ei slik samling vil ikkje redusera talet på avdelingar, men vil gjera det administrative arbeidet i barnehagen enklare, utan at dette gir noka direkte økonomisk innsparing. Radøy kommune kjøper Solhall frå Helse Bergen i 2018, og planarbeidet med å ta i bruk større delar av dette bygget til barnehage er i gang.

Frå sentralt hald har det i den seinare tid vorte lagt sterkare vekt på systemretta arbeid innan **PPT**, samstundes som kravet til oppfølging av den enkelte er like viktig som før. Dette har ført til betydeleg auka press på tenesta, og det er sterkt ønskjeleg med ei utviding av kapasiteten ved PPT. Rådmannen finn etter nøye vurdering at det må vera rom for å utvida kapasiteten ved PPT med ei stilling frå 1. august 2018.

**Radøy musikk- og kulturskule** er lagt inn med same driftsnivå og omfang som i 2017. Musikk- og kulturskulen er ein viktig del av kultursatsinga til kommunen, og gjev gode tilbod til mange born og unge i kommunen.

Stillinga som **Ungdomsadministrator** har knytt til seg store og viktige oppgåver i det førebyggjande ungdomsarbeidet til kommunen. I budsjettet for 2018 har ein vidareført drifta for denne stillinga og dette arbeidet i det omfanget ein har pr i dag.

## Barnehagestatus pr 20.10.2017

Fødd	Austebygd	Bø	Prestmarka	Sæbø	Total	% Dekning
2016	0	8	19	7	34	64,15 %
2015	2	14	29	9	54	83,08 %
2014	4	14	26	12	56	77,78 %
2013	9	7	31	16	63	98,44 %
2012	8	15	32	9	64	96,97 %
Sum	23	58	137	53	271	


Ved Grindheim familiebarnehage er det registrert 10 born på 9 plassar pr oktober 2017.

**Vaksenopplæring.** Auken i omfang på dette området dei siste åra skuldast mellom anna retten til grunnskuleopplæring for alle innbyggjarar, inkludert framandspråklege. Medan retten tidlegare hovudsakleg var knytt til norskopplæring, har alle innbyggjarar i dag rett til opplæring tilsvarande norsk grunnskuleopplæring. Dette har samanheng med at ein må kunne dokumentere slik kompetanse for å kunne byrje på vidaregåande opplæring og utdanning. Mange framandspråklege har ikkje slik bakgrunn når dei kjem til landet, og får etter kompetansekartlegging tilbod om opplæring utifrå kva kartlegginga viser. Radøy bruker Lindås opplæringscenter til denne tenesta, då dei har kompetanse på området og dei truleg gjev eit både betre og rimelegare tilbod enn det vi kan klare sjølv.



Kva er det oppi denne kassen, tru?  
Born i barnehagen på Bø undrast.

## Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år





## Helse og omsorg

For å sikra gode, heilskaplege og framtidretta tenester innan helse- og omsorgssektoren, er det naudsynt med eit høgt fokus på planarbeid i 2018.

Arbeidet med ein overordna Kommunedelplan innan helse- og omsorg skal difor halde fram. Ei framtidretta omsorgsteneste krev at kompetanseheving og -tiltak innan velferdsteknologi vert prioritert. I samarbeid med resten av Nordhordland skal Radøy kommune implementera velferdsteknologi i drifta. Ein vil halda fram med fokus på bustadforvaltning og bustadsosialt arbeid i 2018, og ny bustadsosial handlingsplan vil bli ferdigstilt fyrste kvartal. Tiltak i samsvar med denne planen vil bli starta i løpet av året.

Det er gjort ei kartlegging i høve kompetansebehov i sektoren på kortare

og lengre sikt. Sett opp mot framtidige demografiske endringar, vil ein gjere tiltak for å sikra rett kompetanse framover.

**NAV Sosial** har hatt ei markant auke i stønad til livsopphald dei tre siste åra. Arbeidet med å snu denne trenden skal halda fram. Det skal arbeidast målretta med integrering av flyktningar i samarbeid med Frivilligsentralen, og andre kommunale og private aktørar. Tal flyktningar i arbeid og aktivitet skal aukast. Signal frå UDI, er at tal flyktningar som skal busettast i Radøy kommune vil gå ned, men tal er ikkje stadfesta. Det er budsjettert med ti nye, inklusiv familiegjening.

**Legetenesta** består av fleire element; kommuneoverlege, tilsynslegeordning ved institusjonane, legesenteret

og den interkommunale legevakta. Gode legetenester er svært viktig for ei heilskapleg, kompetent primærhelseteneste, og ein viktig bidragsytar for å unngå unødige innlegging i spesialisthelsetenesta.

**Helsestasjonen og skulehelsetenesta** har fått nye nasjonale faglege retningslinjer for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet med born og unge. Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal innarbeida desse nye føringane i drifta, og sikre at dei driv i samsvar med desse. Ein ser vidare at fødande kvinner vert skrivne ut tidlegare frå sjukehus. Tal fødande ligg jamt på om lag 60 fødsalar i året. Helsestasjon og jordmor samarbeider godt kring nyfødde og deira familiar. Helsestasjonen er det som vert kalla ammekyndig, og dette er eit viktig satsingsområde.


**Fysioterapitenesta** driv svært nøkternt økonomisk, og skal halda fram med tenesteyting i grupper der det let seg gjere. Dette for å kunna yte tenester til flest mogleg.

Nordhordland legevakt med «øyeblikkelig hjelp», såkalla ØH-senger for somatisk sjuke, yter gode tenester. Det interkommunale samarbeidet skal utviklast vidare, med ØH-tilbod innan psykisk helse og rusomsorg. Nordhordlandsregionen har fått prosjektmidlar til dette, og utreiing av tenestetilbod er under arbeid.


**Velferdssenteret** tek i mot ei rekke korttidspasientar, majoriteten utskrivne frå spesialisthelsetenesta. Ved at pasientane vert skrivne tidlegare ut, så stiller det høge krav til kompetanse og oppfølging innan tenesteområdet. I tillegg tek dei i mot pasientar direkte frå heimen. Kapasiteten i institusjonen har vore god dei to siste åra. Det er vanskeleg å føresjå korleis kapasiteten vil bli i 2018, men det er budsjettert ut frå det nivået som har vore i 2017. Det er ikkje tal ledige sjukeheimplassar som styrer forvaltninga, men individet sitt behov for sjukeheimplass. Jf. Lokal forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

**Heimetenesta** yter praktisk bistand og heimesjukepleie til heimebuande, medrekna dei som bur i bemanna om-

**Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester**  
pr innbyggjar over 67 år



**Netto driftsutgifter**  
kommunehelseteneste pr innb



sorgsbustader. Vi ser ein auka tendens til at innbyggjarane ynskjer å bu lengst mogleg i eigen heim. For å møta dette behovet, vil vi implementera tryggleiksskapande velferdsteknologi i tenestetilbodet. Dagaktivitetstilbodet er også ein del av Heimetenesta. Som ein del av Helsedirektoratet si satsing, mottek vi midlar til dagtilbod for personar med demenssjukdom.

**OMSUT «teneste for omsorg og utvikling»** yter tenester til menneske med særskilte behov. Radøy kommune har eit langt høgare tal personar med utviklingshemming enn landssnittet, noko som gjer at omfanget er stort. Ein ser eit auka behov for bustad for personar med særskilte behov. I løpet av ein 3-4 årsperiode vil 4 nye personar ha behov for bustad. Det er lagt inn midlar i investeringsbudsjettet til dette føremålet. Nokre av tenestemottakarane i OMSUT er under refusjonsordning for særleg ressurskrevjande brukarar. Det er ikkje budsjettert med auke i tenesteomfang i 2018. OMSUT driv også Radøy arbeidssenter, med dagaktivitet for personar med særskilte behov. I 2017 starta eit prosjekt innan pasientsikkerheit i Prestbrekka, dette vil halde fram i 2018. Parallelt starta eit utviklingsprosjekt for heile OMSUT, dette vil også fortsette ut 2018.

Kostnadene i **barnevernet** har gått ned dei siste åra, som følgje av betre oversyn, kvalitetssikring av tenestene, god styring og målretta tiltak. Arbeid med fokus på førebygging held fram i 2018. Hausten 2017 starta prosjekt-leiar for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås. Prosjektperioden vil strekke seg fram til haust 2018. Radøy kommune vil då bli vertskommune for felles barnevern, fram til kommunesamanslåing.

**Psykisk helse og rusteneste** yter tenester til menneske med psykiske og rusrelaterte lidningar. Gjennom informasjon, støttesamtalar, hjelp og samhandling, skal tenesta bidra til betra livskvalitet. Kommunepsykolog arbeider spesielt opp mot born og unge, og vi ser at behovet hjå dei under 18 år er aukande. Psykisk helse og rusteneste driv også eit aktivitetstilbod for personar med psykiske utfordringar. Ruskoordinator yter direkte pasient-

retta tenester, koordinerer tenestetilbod opp mot andre kommunale og offentlege instansar.


**Radøy interkommunale busenter (RIB)** vart etablert i 2008 og yter heildøgns helse- og omsorgstenester til personar med behov for eit høgkompetent tenestetilbod i eit langtidsperspektiv. Eininga er eit interkommunalt busenter, med samarbeidskommunane Vik og Bergen. I tillegg kjøper to andre kommunar kvar sin plass. Totalt har RIB 9 hyblar, Radøy kommune disponerer 4 av desse plassane.

**Radøy Matsørvis** produserer og sel mat til heimebuande og personar som bur på Velferdssenteret. Eininga driftar med godt økonomisk resultat kvart år.


Folkhelsearbeidet er godt forankra på alle nivå i organisasjonen. Gjennom tilsyn har Fylkesmannen funne at måten Radøy tenkjer folkehelse, er innafør dei føringar som ligg til grunn.



## Netto utg stønad til livsopphald pr innb 20-66 år



## Barnevern - netto driftsutg. pr barn aldersgr. 0 - 16 år



## Drift og forvaltning

Endringane i budsjettet for 2018 er i stor grad knytt til arbeidet med å førebu ny kommune, eit arbeid som kjem til uttrykk på ulike vis i dei ulike tenestene. Sektoren vil i 2018 vere prega av at det vil pågå førebuingarbeid knytt til kommunesamanslåinga, samstundes som tenestene skal levere tenester som i eit normalt driftsår.

Det pågår t.d. omfattande samordningsarbeid, både på systemnivå og omlegging av rutinar, for å førebu nytt **løn- og rekneskapskontor** for Radøy, Lindås og Meland. Det nye kontoret vert lokalisert i Knarvik, og har planlagt oppstart 01.09.18. Rådmannen vil kome tilbake med eiga sak når endeleg kostnadsfordeling er klar.

Då fleire viktige kommunale planoppgåver bør gjennomførast dei neste åra, arbeider rådmannen med løysing for å styrke plankapasiteten ved **Teknisk forvaltning (TFO)**. TFO vil i tillegg ha auka fokus på tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak gjennom tilsetjing av rådgjevar for oppfølging av ulovlege tiltak og implementering av ny tilsynsstrategi. Det er budsjettert med ei vesentleg inntekt på byggsak som følgje av tilsynsaktivitet, og rådmannen gjer merksam på at det er knytt noko usikkerheit til dette.

Veksten i budsjettet for **Teknisk drift** er i all hovudsak ei tilpassing til dei reelle driftskostnadene og inntektene ved å vidareføre tenestene på 2017-nivå. Vidare overtar kommunen Solhall (det gamle «DPS-bygget») ved årsskiftet, og utvidar kommunal byggmasse vesentleg. Det er budsjettert med ny stilling på Teknisk drift, m.a. for å følgje opp Solhall og kompensere for reduksjon i ressurs som følgje av auke i brannsjefstillinga. Bla. som følgje av at det skal byggjast ny barnehage på Bø, og at kommunale bustader i det aktuelle området dermed vert tatt ut av drift, vert også inntektene på kommunale bustader redusert i 2018.


**Reinhold** har fått utvida ansvar og oppgåveportefølje som følgje av at reinhold ved Velferdssenteret, og reinholdsgøvingar knytt til omsorgsbustadene som tidlegare låg til heimetenesta, no vert samla hos reinholdstenesta. Reinholdstenestene vert no samla og leia av

fagansvarleg for reinhold, og omlegginga til morgonvask og stor grad av teamarbeid har styrka både kvalitet og arbeidsmiljø for reinholdarane.

Auken i budsjettet til **Kultur- og sørvisorget**, kan delvis forklarast av auke i ressurs knytt til førebuande arkivarbeid i samband med etablering av nye Alver kommune. I tillegg skal Radøy kom-

auke i ressursar til kompetanseheving av brannmannskap som er naudsynt for å følgje opp lovpålagte kompetansekrav, samt auke i talet på øvingstimar. Etablering av Vest brann og redningsregion (VBR) fom 01.01.18 medfører ein ekstra kostnad på om lag kr 200 000. Tilfredsstillande beredskap på dagtid er ei utfordring, m.a. fordi arbeidsplassar vert flytta frå Manger. Rådmannen

## Netto kostnader til brannvern pr innb.



mune arrangere Kultur dagar for siste gong som eigen kommune og det er lagt inn ekstra ressursar til markering av dette. Vidare er det budsjettert med ein mindre auke knytt til oppfølging av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø og overtaking av Syltastova og Bogatunet.

Både lovverket og lokal strategi for **biblioteket** understrekar biblioteket si utvida rolle som formidlar av kunnskap og kultur, og som lokal møteplass. Det er likevel berre gjort framlegg om mindre auke i budsjettet for biblioteket i 2018. Det heng m.a. saman med at dagens lokalisering ikkje legg til rette for slik utvida aktivitet i biblioteket, utover det som biblioteket alt leverer av gode tenester. Rådmannen vil evt. kome tilbake med eiga sak, dersom det skulle skje endringar i løpet av året.

Arbeidet med å førebu ei samanslåing av **brannvernet** med nabokommunane er under utgreiing, med forventa verknad fom 01.01.19. Brannsjefstillinga er auka opp frå 25 % til 50 % med heilårsverknad for 2018. Det er lagt inn

arbeider med å finne løysing på denne utfordringa, og kjem tilbake med eiga sak, dersom den vil gje budsjettkonsekvens.

Det er ikkje lagt opp til vesentleg auke i ressursbruk for **Frivilligsentralen**, sjølv om det i 2018 vil verte arbeid for å utvide målgruppa for Frivilligsentralen sitt arbeid. Frivilligsentralen leverer i dag gode og viktige tenester primært til den eldre delen av befolkninga i Radøy.

For **kyrkja** er det statlege tilskotet til vedlikehald frå 2017 fjerna, og det er lagt inn midlar for å kompensera for lønsvekst i 2018.





Prestegarden og Tingstova på Manger

Gebyrgrunnlag sjølvkostområde 2018	Vatn	Avløp	Feiing	Slamtømming	Totalt
Gebyrinntekter	4 462 144	2 430 485	695 188	1 064 573	8 652 390
Andre driftsinntekter		13 205	0	0	13 205
<b>Driftsinntekter</b>	<b>4 462 144</b>	<b>2 443 690</b>	<b>695 188</b>	<b>1 064 573</b>	<b>8 665 595</b>
Direkte driftsutgifter	4 226 300	1 951 899	618 284	955 967	7 752 450
Avskrivningskostnad	1 759 974	462 766	13 000	0	2 235 740
Kalkulatorisk rente (2 %)	882 889	239 443	1 950	0	1 124 281
Indirekte driftsutgifter (netto)	555 861	203 598	100 837	149 892	1 010 187
Sjablonmessig indir. kap.kostnad (5%)	27 793	10 180	5 042	7 495	50 509
<b>Driftskostnader</b>	<b>7 452 816</b>	<b>2 867 886</b>	<b>739 112</b>	<b>1 113 353</b>	<b>12 173 168</b>
<b>Resultat</b>	<b>-2 990 672</b>	<b>-424 196</b>	<b>-43 924</b>	<b>-48 780</b>	<b>-3 507 573</b>
Kostnadsdekning i %	59,9 %	85,2 %	94,1 %	95,6 %	71,2 %
<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>3 473 292</b>	<b>2 048 403</b>	<b>73 721</b>	<b>50 549</b>	<b>5 645 965</b>
- Bruk av sjølvkostfond	-2 990 672	-424 196	-43 924	-48 780	-3 507 573
+ Kalk. renteinntekt sjølvkostfond (2 %)	39 559	36 726	1 035	523	77 843
<b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>522 179</b>	<b>1 660 933</b>	<b>30 832</b>	<b>2 291</b>	<b>2 216 235</b>
Gebyrinntekter	4 462 144	2 430 485	695 188	1 064 573	8 652 390
Gebyrgrunnlag	7 452 816	2 854 681	739 112	1 113 353	12 159 963
Finansiell dekningsgrad i %	59,9 %	85,1 %	94,1 %	95,6 %	71,2 %
<b>Normalgebyr</b>	<b>Vatn</b>	<b>Avløp</b>	<b>Feiing</b>	<b>Slamtømming</b>	<b>Totalt</b>
Normalgebyr eksklusiv mva.	1 682	2 468	424	998	6 372
Normalgebyr inklusiv mva.	2 103	3 085	530	1 248	7 965
Endring frå 2015	-32,2 %	0,1 %	22,2 %	31,3 %	5,2 %
Endring frå 2016	-32,2 %	0,1 %	11,0 %	18,8 %	3,3 %

**Prisauke 2018**

I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 2,6 prosent. Rådmannen går inn for at dei fleste gebyra vert auka tilsvarende. Gebyr for tekniske tenester, dvs byggesak, plan og oppmåling går fram av eige vedtak. **Husleiger** i kommunale bustader vert regulert etter individuell avtale, i samsvar med husleigelova.

**Eigenbetaling for helse- og omsorgstenester** vert auka i samsvar med departementet sine til ei kvar tid gjeldande satsar. Nye satsar for 2018 vert vedtekne i desember 2017. For inntekter ut over 2G vert satsane auka med prisindikatoren, dvs 2,6 prosent. Pris for tryggingsalarm blir ikkje endra. For mat, medrekna fullpensjon, vert prisane ikkje justert i 2018. Satsen for opphald på dagsenter vert auka med 2,6 prosent.

Satsane for **musikk- og kulturskolen** vert ikkje auka i 2018. Leigesatsane for bruk av **Radøyhallen, gymsalar på skulane** mv. vert auka med prisindikatoren, dvs 2,6 prosent. Det vert ikkje auka i leigesatsen for skytebanane.

Gebyra for **renovasjon** og **slam** vert fastsett av representantskapen i NGR. Tala i dette budsjettdokumentet er basert på vedtak i styremøte i NGR 24.10.2017.

Standard renovasjonsgebyr er føreslege auka med 18 prosent samanlikna med 2017. Ein kombinasjon av konkur i RenoNorden AS og redusert mengd næringsavfall verkar med til auken. NGR legg til grunn estimerte kostnader ved eigentransport i 2018, men det ligg føre planar om å setja transporttenesta ut på anbod frå 01.09.2018. Slamgebyret er føreslege uendra frå NGR, men sjølvkostrekneskapen for Radøy syner at slamgebyret til abonnentane i Radøy må aukast til kr 1.248,- i 2018, ein auke på om lag 8 prosent.

**Vassgebyret** vert føreslege redusert med 32 prosent i 2018, for å redusera sjølvkostfondet, som ei tilpassing til ny kommune i 2020. **Avløpsgebyret** vert føreslege uendra i 2018.

**Feiegebyret** vart auka noko i 2017, og vert ståande uendra i 2018.

**Gebyrsatsar og eigenbetaling 2018**

Alle gebyr er medrekna mva.

	2017	2018
<b>Radøy kultur- og musikkskule</b>		
Instrumentalkurs/vokalkurs	3.000,-	3.000,-
Aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	3.000,-	3.000,-
Sal av timar til lag (pr time á 45 min.)	253,-	253,-
Søskenmoderasjon er 25 prosent. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset		

**Barnehage**

Foreldrebetaling i barnehage følgjer dei til ei kvar tid gjeldande maksimalsatsane fastsett av staten. For 2018 er det gjort framlegg om ein sats på kr 2.910 pr måned. Søskenmoderasjon er 30 prosent, og evt 50 prosent frå og med tredje barn.

Matpengar, pr måned, full plass	350,-	360,-
---------------------------------	-------	-------

**SFO-satsane** vert i 2018 fastsett i høve til gjeldane maksimalprisar for barnehage, fastsett av staten. Framlegg i statsbudsjettet er kr 2.910,-.

Over 15 t/veke		100%
Inntil 15 t/veke		84%
Inntil 10 t/veke		65%

Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO.

Søskenmoderasjon er 30 prosent evt 50 prosent frå og med tredje barn.

**Radøyhallen - lag og organisasjonar som høyrer heime i Radøy**

Leige av idrettshall/symjehall (lag/org i Radøy)	260,-/time	267,-/time
--	------------	------------

**Sæbø skule - fleirbrukshallen**

Leige hall for org. i kommunen, born og unge	Gratis	Gratis
Leige hall for org. i kommunen, vaksne	127,-/time	130,-/time
Leige hall for organisasjonar utanfor kommunen	253,-/time	260,-/time

Reinhold kjem i tillegg dersom leigetakar ikkje ordnar dette sjølv

**Gymsalar i skulane**

Aktivitetar i privat regi og lag og organisasjonar utanfor kommunen	172,-/time	176,-/time
---	------------	------------

For utleige av Radøyhallen og skular fastset kommunestyret berre det generelle prisnivået. Detaljert prisoversyn vert utarbeidd av administrasjonen, og vert tilgjengeleg på sørvistorget og på kommunen sine heimesider.

Radøy kommunestyre skal godkjenne Radøy sokneråd sine vedtak om **festeavgifter for graver**. Avgiftene er vedtekne slik:

	2017	2018
Feste av grav pr år (inntil 60 år)	350	400
Feste av grav pr år (over 60 år)	700	800
Feste av særskilt grav (20 år)	7 000	8 000



## Gebyrsatsar og eigenbetaling 2018

Alle gebyr er medrekna mva.

Renovasjon	2017			2018		
	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	- 400,-	3.280,-	2.780,-	- 400,-	3.960,-	3.460,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	-	3.680,-	3.180,-	-	4.360,-	3.860,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+ 400,-	4.080,-	3.580,-	+ 400,-	4.760,-	4.260,-
Hytterrenovasjon		1.840,-			2.180,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m <sup>2</sup>	Over 90m <sup>2</sup>	Inntil 90 m <sup>2</sup>	Over 90m <sup>2</sup>
Årsgebyr vatn	2.090,-	3.920,-	1.417,-	2.658,-
Årsgebyr avløp	2.155,-	3.958,-	2.155,-	3.958,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		933,-		632,-
Vassforbruk etter målar (pr m <sup>3</sup> )		15,51		10,52
Administrasjonsgebyr vassmålar		125,-		125,-
Gebyr for brønnfylling, i tillegg til pris pr m <sup>3</sup>		400,-		400,-
Tilknytingsgebyr vatn		18.375,-		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		942,-		942,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m <sup>3</sup> )		15,41		15,41
Tilknytingsgebyr avløp		19.875,-		19.875,-
Slamgebyr		1.155,-		1.248,-

Feiing/branntilsynsgebyr	2017	2018
Feiing, timeoppdrag, minimum 2t	365,-/t	375,-/t

Gebyr for bruk av kommunale kaiar	
Anløpsavgift	0,-
Varer til jord/skogbruk, stein, grus, asfalt, sement og byggevarer, pris pr tonn	9,-
Andre varer, pr tonn	14,-

Eigenbetaling pleie og omsorg				
Tenester ut over primærteneste og vaktmeistertenester		325,- pr time		333,-/time
Mat til heimebuande	Liten porsj. kr 63,-	Stor porsj. kr 72,-	Liten porsj. kr 63,-	Stor porsj. kr 72,-
- transport av mat		6,- pr porsjon		6,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter, inkl mat og transport		132,- pr dag		135,- pr dag
Tryggleiksalarm. (Pris gjeld berre ved bruk av eksisterande analog line til abonnent. For alarm med varsling via mobiltelefon gjeld eigne satsar)		301,- pr mnd		301,- pr mnd
Dagopphald i institusjon (kan bli endra etter vedtak i Helse- og omsorgsdepartementet)		80,- pr dag		80,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år		155,- pr døger		160,- pr døger

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp				
G-trinn	Timepris	Maks pr måned	Timepris	Maks pr måned
Inntil 2G (oppdatert pr 1.1.2018)	200,-	200,-	205,-	205,-
2-3G	200,-	880,-	205,-	902,-
3-4G	240,-	1.342,-	246,-	1.376,-
4-5G	302,-	1.818,-	309,-	1.865,-
Over 5G	418,-	2.191,-	428,-	2.247,-



## Investeringar

Rådmannen legg i 2018 opp til investeringar i anleggsmidlar på kr 91,9 mill, pluss kjøp av andelar i KLP kr 1.285.000,- .

Dette er eit omfattande investeringsbudsjett sett i høve til kommunen sin økonomiske situasjon. Rådmannen ser likevel at eit såpass høgt investeringsnivå må til for å møta ønskje og forventningar frå mange hald. Det aller meste av investeringane må finansierast gjennom låneopptak. Kjøp av andelar i KLP kan ikkje finansierast ved låneopptak, og med mindre det dukkar opp uventa kapitalinntekter i 2018, må kjøp av andelar finansierast anten av disposisjonsfond eller ubundne investeringsfond.

Dei ubundne investeringsfonda er «øyremerka» slik:

Kulturminnefond 1,669 mill,

Kulturfond 2,349 mill

Kapitalfond 1,028 mill.

Desse fonda kan berre nyttast til investeringsføremål, og rådmannen ser det som rett å nytta desse fonda til finansiering av investeringar i 2018 og 2019. For 2018 legg rådmannen opp til å bruka 2 mill av kulturfondet til oppgradering av prestegarden, prestegardshagen og tingstova.

Ein del av investeringsprosjekta er i realiteten rebudsjettering av prosjekt som anten er utsett eller som kom i gong seint i 2017. Dette fører til at det vil stå att unytta lånemidlar frå 2017 som kan nyttast i 2018. Vidare er berre 20 mill av vedteke låneopptak utbetalt så langt i 2017, og lånevilkåra seier at full utbetaling må gjerast innan mars 2018. Det står her att 43,7 mill til utbetaling. Rådmannen legg såleis til grunn at det er trong for å ta opp nye lån i 2018 på 35 mill. til ordinære investeringar.

I 2016 og 2017 vart det ikkje teke opp lån i Husbanken til vidare utlån. Det står att unytta midlar på nær 4,3 mill frå tidlegare år, og det er pr september 2017 betalt inn ekstraordinære avdrag med nær 1,4 mill. Desse kan lånast ut att på nytt. Etterspurnaden etter ordinære startlån har vore låg det siste året, men det kan vera grunn til å tru at det vert auka etterspurnad etter startlån til refinansiering for å kunna behalda bustad. Samla sett vurderer

rådmannen det slik at det ikkje bør takast opp nye i Husbanken til vidare utlån i 2018.

Rådmannen rår kommunestyret til å ta opp nye lån til investering i anleggsmidlar med kr 35.000.000, jfr utgreiinga ovanfor. Låneopptak skal gjerast i samsvar med gjeldande finansreglement for Radøy kommune.

Rådmannen gjer framlegg om å fortsette **utskiftinga av bilar** gjennom å løyve kr 500 000 til dette føremålet. Midlane er i utgangspunktet tiltenkt utskifting av bilar innanfor helse- og omorgssektoren. Dei siste åra har ein fått bytta ut to bilar årleg innafor denne budsjettposten.

**Radøyhallen** nærmar seg tretti år, og trass i at det er gjort viktige oppgraderingar dei siste åra, er det framleis behov for midlar til å oppgradere bygg og utstyr. Rådmannen rår til at det vert sett av kr 1 000 000 til naudsynte oppgraderingar i Radøyhallen. Mellom anna bør gangareal med toalett og himling oppgraderast. Det kan også vera aktuelt å oppgradera ventilasjonsanlegget.

Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 5 000 000 til **kyrkja** til naudsynte oppgraderingar i 2018. Forbod mot oljefyr førar til at det må etablerast alternativ oppvarming av kyrkjene på Manger og Hordabø, og kostnadoverslag tyder på at dette er svært kostnadskravende tiltak. Rådmannen rår til at løyvinga også skal dekke opplysing av Manger kyrkje.

Det er på noverande tidspunkt uklart kor stor posten 1908045 **IKT investering IKT NH** vert i 2018, men rådmannen rår til å løyve kr 300 000. Dette gjeld Radøy kommune sin del av sentralt utstyr hos IKT Nh for å utvikla den digitale infrastrukturen i IKT-samarbeidet.

Posten **Mindre investeringar** på kr 1 000 000 er ein viktig post for rådmannen, for å kunne setja i verk mindre tiltak som ikkje er budsjettert, men viser seg naudsynt å gjennomføre gjennom året.

Det pågår arbeid med å utarbeide skisse for ny **småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage**. Kostnad er førebels uklart, og arbeidet vert truleg starta men ikkje ferdigstilt i 2018. Rådmannen gjer framlegg om å sette av kr 3 000 000 til prosjektet i 2018, og resten i 2019. Det er ønskeleg at det også vert gjort mindre oppgraderingar av uteområdet i samband med dette arbeidet. Rådmannen kjem tilbake med eiga sak, dersom det vert behov for endringer i budsjetttramme på bakgrunn av anbudsprosessen.

Det er behov for oppgraderingar ved **Radøy ungdomsskule**. Naturfagsalen er utdatert og nedsliten, og det er behov for eit samlingslokale som kan samle alle elevane og tilsette ved skulen. Ved å etablere ny utgang mv i utstillingshallen er det mogleg å nytte denne til slikt føremål. Rådmannen rår til at det vert sett av kr 800 000 til oppgraderingar ved Radøy ungdomsskule.

Auka elevtal ved **Manger skule** gjer det naudsynt å etablere ei **mellombels klasseromslysing** frå og med hausten 2018. Kostnadsramma er førebels uavklart, men rådmannen rår til at det vert sett av kr 2 000 000 til dette prosjektet.

Manger skule har fått oppgradert gymsal og garderobar, men har behov for oppgradering av **utstyr til den nye gymsalen**. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 300 000 til dette prosjektet.

Norconsult er engasjert for å lage ei skisse for oppgradering av **uteområdet ved Sæbø skule** i samarbeid med skuleleiinga. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 1 000 000 til oppgradering av uteområdet basert på ein heilskapleg plan for uteområdet.

Radøy kommune vil ved årsskiftet gjennomføre kjøp av det gamle DPS-bygget «**Solhall**». I tillegg er det behov for å gjera vesentlege oppgraderingar for å leggja til rette for barnehagedrift i bygget. Totalt ombyggingsbehov er førebels ikkje avklart, og det er såleis utfordrande å leggja fram forventa kostnad for dette prosjektet. Rådmannen rår til at det vert sett av kr 15 000 000 til kjøp og oppgradering av bygget i 2018, og kjem tilbake med eiga sak, dersom det viser seg at bud-

sjetramma ikkje er tilstrekkeleg for oppgradering av bygget.

Det pågår reguleringsarbeid for å leggja til rette for bygging av **ny barnehage på Bø**. Det er grunn til å tru at anleggsarbeidet kan starte opp hausten 2018, slik at ein mindre del av den totale kostnaden må løyvast i 2018. Rådmannen rår til at det vert satt av kr 15 000 000 til dette i budsjettet for 2018.

Første kvartal 2018 skal **bustadsosial handlingsplan** vera ferdigstilt. Det er sett av kr 2 300 000,- til å setta i verk prioriterte tiltak i den aktuelle planen. I tillegg til dette er det sett av kr 4 000 000,- til oppgradering av omsorgsbustader knytt til Velferdsenteret og bustader i Hannesvegen.

**Digitalisering av kommunen sitt byggesaksarkiv** har vore på anbod saman med fleire Nordhordlandskommunar. Digitalisering av byggesaksarkiv vil ma legge til rette for utvida digitale tenestar, redusert slitasje og tap av arkivmateriale og redusert arealbehov. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 1 100 000 til gjennomføring av dette prosjektet.

Det ligg føre ein mulegheitsstudie med innspel til korleis **Prestegarden og Prestegardshagen** kan oppgraderast. Både Prestegarden og Prestegardshagen med Tingstova har eit potensiale som møteplass i Manger sentrum, som rådmannen ønskjer å

utvikle vidare. Arbeidet vert aktualisert ved at området er peika på som ein aktuell plass for vigsler. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 2 000 000 til dette arbeidet, finansiert ved bruk av fondsmidlar.

Det er gjort fleire tiltak for å oppgradera **Velferdsenteret** dei seinare åra. Rådmannen rår til at arbeidet vert vidareført og at det vert sett av kr 1 000 000 til oppgraderinger ved Velferdsenteret.

Det er gjort eit løft på utstyrsfronten for **brannvernet** dei siste åra, og rådmannen ønskjer å vidareføra denne satsinga gjennom ei løyving på kr 100 000 til utskifting av verneutstyr for brannmannskap.

Pålegg frå Arbeidstilsynet i samband med tilsyn for å førebyggja helse-skade for brannmannskap og feiar i 2016, medfører behov for vesentlege utbetringar ved dagens **brannstasjon**. Sweco har hjelpt kommunen med å vurdera stasjonen i dag, og konklusjonen er at det vil vera utfordrande med omsyn til areal og kostnader å utbetra dagens brannstasjon til å ivareta krav i lov og forskrift. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 200 000 til naudsynte straktiltak, og at arbeid med å planleggja og leggja til rette for etablering av ny brannstasjon vert starta i 2018.

Det er henta inn tilbod på tilbygg (vognskur) ved **Sæbø barnehage**. Rådmannen rår til at det vert sett av kr

230 000 til etablering av vognskur ved barnehagen.

Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 18 000 000 til **Avløpsprosjekt iht plan**, og viser til Kommunedelplan for avløp for oversikt over prosjekt. Posten inneheld både prosjekt som ikkje vart realisert i 2017, og prosjekt planlagt for 2018. Det pågår reguleringsarbeid for å tilretteleggja for realisering av nytt reinsanlegg, og store deler av budsjetramma er knytt til prosjekt som er avhengig av at kommunen får naudsynte løyve til å realisere dette.

På **vassprosjekt iht plan** rår rådmannen til at det vert løyvd kr 7 500 000, og viser til Kommunedelplan for vassforsyning for deling av denne. Posten inneheld både prosjekt som ikkje vart realisert i 2017, og prosjekt planlagt for 2018.

Arbeidet med **turveg/lysløype Manger** held fram i 2018. Utbygging av trinn II vart av ulike årsaker ikkje realisert i 2018, og rådmannen rår til at det vert løyvd kr 2 600 000 til bygging av både trinn II og III i 2018. Prosjektet inkluderer også etablering av universelt utforma badeplass ved Nesvatnet, knytt til den nye turvegen.

Etter satsing på asfaltering av kommunale vegar i 2017, rår rådmannen til at det vert løyvd kr 2 000 000 til oppfølging av **trafikksikringstiltak** i 2018. Handlingsdelen i trafikksikringsplanen er planlagt revidert i 2018.



# Investeringsbudsjett 2018

Hovudoversikt investering	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
<b>Inntekter</b>				
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-	-	-	-
Andre salsinntekter	49 600	-	-	-
Overføringar med krav til motyting	753 000	2 500 000	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 845 604	9 370 000	9 370 000	11 472 000
Statlege overføringar	-	-	-	-
Andre overføringar	-	-	-	-
Renteinntekter og utbyte	-	-	-	-
<b>Sum inntekter</b>	<b>3 648 204</b>	<b>11 870 000</b>	<b>9 370 000</b>	<b>11 472 000</b>
<b>Utgifter</b>				
Kjøp av varer/ten. som inng i tenesteprod.	13 995 207	90 450 000	80 550 000	87 930 000
Kjøp av tenester som erst. tenesteprod	-	-	-	-
Overføringar med krav til motyting	8 621 733	350 000	350 000	5 000 000
Renteutgifter og omkostningar	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
<b>Sum utgifter</b>	<b>22 616 940</b>	<b>90 800 000</b>	<b>80 900 000</b>	<b>92 930 000</b>
<b>Finansstransaksjoner</b>				
Avdrag på lån	6 295 195	3 162 000	3 162 000	3 330 000
Utlån	1 151 231	-	-	-
Kjøp av aksjar og andelar	1 202 158	1 221 000	1 221 000	1 285 000
Dekking av underskot frå tidl år	-	-	-	-
Avsett til ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Avsett til bundne investeringsfond	2 226 626	-	-	-
<b>Sum finansieringstransaksjonar</b>	<b>10 875 210</b>	<b>4 383 000</b>	<b>4 383 000</b>	<b>4 615 000</b>
<b>Trong for finansiering</b>	<b>29 843 946</b>	<b>83 313 000</b>	<b>75 913 000</b>	<b>86 073 000</b>
Dekka slik:				
Bruk av lån	23 155 894	80 151 000	72 751 000	78 458 000
Sal av aksjar og andelar	-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	6 688 052	3 162 000	3 162 000	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	4 285 000
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>29 843 946</b>	<b>83 313 000</b>	<b>75 913 000</b>	<b>86 073 000</b>
<b>Udekka (-) /udisponert (+)</b>	-	-	-	-

Budsjettskjema 2A	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
Investeringar i anleggsmidlar	22 616 940	90 800 000	80 900 000	92 930 000
Utlån og forskutteringar	1 151 231	-	-	-
Kjøp av aksjar og andelar	1 202 158	1 221 000	1 221 000	1 285 000
Avdrag på lån	6 295 195	3 162 000	3 162 000	3 330 000
Dekking av udekka frå tidlegare år	-	-	-	-
Avsetningar	2 226 626	-	-	-
<b>Trong for finansiering i året</b>	<b>33 492 150</b>	<b>95 183 000</b>	<b>85 283 000</b>	<b>97 545 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidlar	23 155 894	80 151 000	72 751 000	78 458 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-	-	-	-
Tilskot til investeringar	-	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 845 604	9 370 000	9 370 000	11 472 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	7 441 052	5 662 000	3 162 000	3 330 000
Andre inntekter	49 600	-	-	-
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>33 492 150</b>	<b>95 183 000</b>	<b>85 283 000</b>	<b>93 260 000</b>
Overført frå driftsrekneskapen	-	-	-	-
Bruk av udisponert frå tidlegare år	-	-	-	-
Bruk av avsetjingar	-	-	-	4 285 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>33 492 150</b>	<b>95 183 000</b>	<b>85 283 000</b>	<b>97 545 000</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	-	-	-	-



## Investeringsoversyn skjema 2B 2018

Prosjekt	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 vedteke	Budsjett 2017 regulert	Budsjett 2018
1001250 Digitalisering byggesaksarkiv	-	-	-	1 100 000
1280001 Utskrifning av bilar	515 064	500 000	500 000	500 000
1530100 Radøyhallen oppgradering	-	1 150 000	2 150 000	1 200 000
1583001 Investering kyrkjer	5 021 154	350 000	350 000	5 000 000
1908045 IKT investering IKT Nh	263 003	400 000	400 000	300 000
1920001 Mindre investeringar	302 813	1 700 000	1 700 000	1 500 000
2121001 Hordabø skule uteområde	-	-	-	300 000
2130003 Manger skule utbygging	-	-	-	2 000 000
2130005 Manger skule oppgrad garderober	611 697	2 500 000	4 400 000	-
2130006 Utstyr gymsal Manger skule	-	-	-	300 000
2140002 Uteområde Sæbø skule	725 159	-	-	1 000 000
2190007 Oppgradering Radøy ungdomsskule	-	-	-	800 000
2510100 Bibliotek nye lokale	-	1 000 000	1 000 000	-
2711002 Austebygd barnehage småbarnsavd	-	-	-	3 000 000
2712006 Bø barnehage nybygg	708 307	30 000 000	24 187 000	15 000 000
2713100 Prestmarka barnehage	-	500 000	500 000	-
2714010 Sæbø barnehage vognskur	-	-	-	230 000
3200050 Oppfølg bustadsosial handlingsplan	-	-	-	2 300 000
3200100 Omsorgsteknologi	-	500 000	500 000	-
3210006 Velferdssenteret utv. oppgradering	188 447	1 000 000	1 000 000	1 000 000
3225002 Oppgradering omsorgsbustader	-	-	-	4 000 000
4800103 Turveg/lysløype Manger	1 224 630	2 000 000	2 000 000	2 600 000
6102001 Prestegarden/hagen/tingstova	-	200 000	200 000	2 000 000
6103001 Helsehuset ombygging	-	1 500 000	1 500 000	-
6104003 Kommunale bustader	-	2 500 000	2 500 000	-
6109020 Solhall kjøp og oppgradering	-	-	12 813 000	21 000 000
6200100 Vassprosjekt iht plan	-	11 300 000	11 300 000	7 500 000
6300100 Avløpsprosjekt iht plan	-	18 400 000	18 400 000	18 000 000
6500301 Brannstasjon	-	-	-	200 000
6510002 Brannvernutstyr	132 752	200 000	200 000	100 000
6700003 Asfaltering kommunale vegar	2 027 037	5 000 000	5 000 000	-
6764001 Trafikksikring	183 581	200 000	200 000	2 000 000
<b>Sum</b>	<b>21 861 965</b>	<b>80 900 000</b>	<b>90 800 000</b>	<b>92 930 000</b>

Skjemaet ovanfor er noko forkorta for å spare plass, slik at prosjekt som berre har tal i rekneskap 2016 er tekne ut. Det vert vist til rekneskapsdokument og årsmelding for 2016 for ytterlege informasjon.

**Økonomiplan skjema 1A**

	B 2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Skatt på formue og inntekt	(117 172 000)	(121 100 000)	(121 100 000)	(121 100 000)	(121 100 000)
Rammetilskot	(164 201 000)	(168 988 000)	(169 607 000)	(167 414 000)	(167 209 000)
Eigedomsskatt	(15 121 000)	(15 197 000)	(15 197 000)	(15 464 000)	(15 554 000)
Andre generelle statstilskot	(11 715 000)	(15 104 500)	(13 527 000)	(12 889 000)	(12 597 000)
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>(308 209 000)</b>	<b>(320 389 500)</b>	<b>(319 431 000)</b>	<b>(316 867 000)</b>	<b>(316 460 000)</b>
Renteinntekter og utbyte	(4 888 000)	(3 987 000)	(3 967 000)	(4 001 000)	(4 053 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	6 579 000	5 609 000	6 557 000	7 348 000	7 540 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	8 924 000	8 994 000	11 400 000	13 518 000	14 573 000
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>10 615 000</b>	<b>10 616 000</b>	<b>13 990 000</b>	<b>16 865 000</b>	<b>18 060 000</b>
Til dekk av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år					
Avsetjing til fond					
Bruk av bundne og ubundne fond		-			
<b>Netto avsetjingar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Til fordeling drift</b>	<b>(297 594 000)</b>	<b>(309 773 500)</b>	<b>(305 441 000)</b>	<b>(300 002 000)</b>	<b>(298 400 000)</b>
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	293 694 511	307 811 009	303 013 000	299 083 000	298 733 000
<b>Meirforbruk (mindreforbruk)</b>	<b>(3 899 489)</b>	<b>(1 962 491)</b>	<b>(2 428 000)</b>	<b>(919 000)</b>	<b>333 000</b>

**Økonomiplan skjema 1B**

	B 2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Stab og politisk	21 006 906	20 137 803	20 046 000	19 846 000	19 846 000
Oppvekst	113 949 399	121 376 275	120 163 000	118 961 000	118 961 000
Helse og omsorg	127 048 842	131 304 809	129 992 000	128 692 000	128 692 000
Drift og forvaltning	31 689 364	34 992 122	32 812 000	31 584 000	31 234 000
Reguleringspostar	-	-	-		
<b>Til skjema 1A</b>	<b>293 694 511</b>	<b>307 811 009</b>	<b>303 013 000</b>	<b>299 083 000</b>	<b>298 733 000</b>

**Økonomiplan skjema 2A**

	B 2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Investeringar i anleggsmidlar	39 900 000	92 930 000	83 500 000	48 750 000	60 950 000
Utlån og forskutteringar	-	-	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Kjøp av aksjar og andelar	1 221 000	1 285 000	1 356 000	1 435 000	1 500 000
Avdrag på lån	3 162 000	3 330 000	3 230 000	3 380 000	3 530 000
Udekka i investering frå tidl. år					
Avsetjingar					
<b>Trong for finansiering i året</b>	<b>44 283 000</b>	<b>97 545 000</b>	<b>91 086 000</b>	<b>56 565 000</b>	<b>68 980 000</b>
Bruk av lånemidlar	(36 841 000)	(78 263 000)	(75 847 000)	(45 997 000)	(56 442 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar					
Tilskot til investeringar					
Mva -kompensasjon investering	(4 280 000)	(11 667 000)	(10 403 000)	(5 753 000)	(7 508 000)
Mottekne avdrag på utlån og ref	(3 162 000)	(3 330 000)	(3 230 000)	(3 380 000)	(3 530 000)
Andre inntekter					
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>(44 283 000)</b>	<b>(93 260 000)</b>	<b>(89 480 000)</b>	<b>(55 130 000)</b>	<b>(67 480 000)</b>
Overført frå drift					
Bruk av avsetjingar		(4 285 000)	(1 606 000)	(1 435 000)	(1 500 000)
<b>Sum finansiering</b>	<b>(44 283 000)</b>	<b>(97 545 000)</b>	<b>(91 086 000)</b>	<b>(56 565 000)</b>	<b>(68 980 000)</b>
Udekka/udisponert	-	-	-	-	-

Tala i økonomiplanen er formaterte slik at tal i parantes er inntekter.

## Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2017 - 2021	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Utskifting av bilar	2 500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Radøyhallen oppgraderingar	4 150 000	2 150 000	1 200 000	1 000 000		
Kyrkja	6 100 000	350 000	5 000 000	250 000	250 000	250 000
IKT Nh inv	700 000	400 000	300 000			
Mindre investeringar	5 700 000	1 700 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Uteområde Hordabø skule	300 000		300 000			
Manger skule, oppgrad garderobe	4 400 000	4 400 000				
Utstyr gymsal Manger skule	300 000		300 000			
Manger skule utviding	2 000 000		2 000 000			
Sæbø skule uteområde	1 000 000		1 000 000			
Radøy ungdomsskule, oppgrad	800 000		800 000			
Bibliotek	1 000 000	1 000 000				
Rådhus/kulturhus	10 000 000			5 000 000	5 000 000	
Austebygd barnehage, inkl uteområde	6 500 000		3 000 000	3 500 000		
Ny barnehage Bø	53 100 000	1 100 000	15 000 000	37 000 000		
Prestmarka, utkjøp bygg	500 000	500 000				
Vognskur Sæbø barnehage	230 000		230 000			
Omsorgsteknologi	500 000	500 000				
Velferdssenteret oppgradering	2 000 000	1 000 000	1 000 000			
Oppfølg bustadsosial handplan	34 300 000		2 300 000	17 000 000	15 000 000	
Oppgrad omsorgsbustader	6 000 000		4 000 000	2 000 000		
Ny RIB	36 000 000				1 000 000	35 000 000
Digitalisering byggesaksarkiv	1 100 000		1 100 000			
Turveg/lysløype Manger	3 600 000	1 000 000	2 600 000			
Prestegarden/hagen/tingstova	2 200 000	200 000	2 000 000			
Helsehuset	1 500 000	1 500 000				
Kommunale bustader	2 500 000	2 500 000				
Solhall kjøp og oppgradering	30 000 000	1 000 000	21 000 000		8 000 000	
Brannstasjon	13 200 000		200 000	1 000 000	12 000 000	
Vassprosjekt iht plan	50 800 000	11 300 000	7 500 000	11 500 000	1 400 000	19 100 000
Avløpsprosjekt iht plan	28 500 000	3 400 000	18 000 000	1 400 000	2 600 000	3 100 000
Brannvernustyr	400 000	200 000	100 000	100 000		
Parkeringplass Marøy	250 000			250 000		
Kommunale vegar asfaltering	5 000 000	5 000 000				
Tiltak iht trafikksekringsplan	8 200 000	200 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
<b>Sum investering</b>	<b>325 030 000</b>	<b>39 900 000</b>	<b>91 930 000</b>	<b>83 500 000</b>	<b>48 750 000</b>	<b>60 950 000</b>

## Økonomiplan 2018 - 2021

Økonomiplanen for perioden 2018 - 21 er ikkje bindande, men er likevel retningsgjevande for drift og investeringar i planperioden.

Investeringsplanen er omfattande, men representerer tiltak rådmannen meiner er viktige, særleg i lys av den vedtekne kommunesamanslåinga. Dei fleste investeringsprosjekta etter 2018 er ikkje kostnadsrekna, men er lagt inn med grovt estimerte tal.

I økonomiplanen er drifta justert i høve til auka kapitalkostnader knytt til investeringar innan VA-området.

Det er i økonomiplanen teke omsyn til framlegg om endringar i lov om eigeomsskatt, slik at sum pårekna eigeomsskatt vert redusert med om lag 1 mill kvart år frå 2019.

Høgt investeringsnivå og tilhøyrande store låneopptak får også verknad for driftsbudsjettet. Låneopptak fører til

auka rente- og avdragskostnad, medan investeringane i seg sjølv kan føra til auka, uendra eller til og med redusert kostnadsnivå. Til dømes vil utskifting av fossilbilar til el-bilar kunna gje lågare driftskostnader.

Ein ny barnehage, men same tal avdelingar som før, kan gje lågare energikostnader, men kan også gje auka kostnader til vedlikehald av teknisk utstyr og anlegg. Dei fysiske arbeidstilhøva blir betre, noko som kan føra til auka trivsel og redusert sjukefråvære.



Bygging av nye bustader til menneske med nedsett funksjonsevne vil gje auka driftskostnader, men kan også gje gevinst i form av auka livsglede og opplevd meistring, som igjen kan redusera presset på til dømes heime-tenestene.

Mange av investeringspostane i økonomiplanperioden er «normal» vidareføring frå tidlegare år. Prosjekt innan vatn og avløp er kvalitetssikra gjennom hovudplanar, og er så nær ein kan koma faktiske kostnader, på budsjettstadiet.

**Rådhus/kulturhus** er lagt inn i økonomiplanen i 2019 og 2020. Rådmannen viser her til «mulighetsstudien» for Manger, og politiske signal om at det er ønskeleg å gjera rådhuset om til eit kulturhus, for å sikra aktivitet i bygget også etter 2019. Kostnaden på 10 mill er eit reint estimat.

Ny **barnehage på Bø** er føresett ferdigstilt i løpet av 2019. Endeleg pris på prosjektet får vi først når anbod er levert, og samla kostnad er såleis eit kvalifisert estimat.

Posten **oppfølging av bustadsosial handlingsplan** tek opp i seg bygging av mindre bustader og fleire særleg tilrettelagde bustader for personar med nedsett funksjonsevne.

I 2020 og 2021 er det lagt inn kostnader til «ny» **RIB**, dvs Radøy interkommunale busenter. RIB er i dag lokalisert på Solhall, men rådmannen vurderer det som ønskeleg å samla mest mogeleg av Prestmarka barnehage på Solhall. Ein større barnehage treng meir uteareal, noko som vert utfordrande for det behovet bebuarane på RIB har. Dei treng ro og tenlege inne- og uteområde, utan for mykje støy. Rådmannen vurderer tenestetilbodet RIB gir som viktig å vidareføra i Alver kommune, om enn med ein annan driftsmodell enn i dag. Rådmannen går difor inn for at det vert bygd nye lokale for RIB.

Oppgradering **Solhall** i 2020 gjeld ytterlegare tilrettelegging for barnehage, medrekna utandørs leikeareal. Kostnadene er basert på grovt overslag frå arkitekt, ref elles merknadene til investeringsbudsjett 2018.

Ny **Brannstasjon** er lagt inn med 13 mill i perioden 2019-2020, jf merkna-dene til investeringsbudsjett 2018. Kostnadene er eit reint estimat. Rådmannen vurderer det slik at dei fleste investeringsprosjekta primært vil føra til auka rente- og avdragskostnader, og det er ikkje lagt inn auka driftskostnader som følgje av investeringane i økonomiplanperioden.

Derimot vil det vera heilt avgjerande at drifta vert permanent redusert både i 2019 og 2020 for at økonomiplanen skal balansera i planperioden. Det er såleis lagt inn ein prosent reduksjon i driftsomfanget i 2019 og 2020 for å få balanse. Dette utgjer ei samla

innsparing på 8,7 mill i drifta desse to åra. Dette er eit «hårete» mål, og vil krevja felles forståing og vilje til prioritering både administrativt og politisk.

## Verbalpunkt vedtekne av kommunestyret

- Kommunestyret ber rådmannen prioritera ny bakre stolrekkje på tribuna i Radøyhallen, og elles melda tilbake til formannskapet på nødvendige vidare tiltak i og rundt Radøyhallen.
- Kommunestyret ber rådmannen utgreia oppgradering av lokale i helsestasjonen.
- Kommunestyret ber rådmannen om å styrkja og systematisera tilbodet om avlastingstilbodet for heimebuande eldre og andre brukargrupper.
- Kommunestyret ber rådmannen oppgradera venterommet på helsehuset, og gjera det «lunare».
- Kommunestyret ber om at samla plan for kommunale bygg i Manger vert aktivt følgt opp i formannskapet i 2018.
- Kommunestyret støttar rådmannen si styrking av plankapasiteten, og understrekar at produksjon og ferdigstilling av sentrale planar i planstrategien har høgste forventningsfokus i kommunestyret.
- Kommunestyret ber rådmannen finna midlar i budsjettet for 2018 til kjøp av tilstrekkelege ressursar i samband med gjennomføring av planstrategi, slik at den kan verta handsama seinast i løpet av 2018. Slike ressursar bør vera på plass og i drift i løpet av Q1 2018 - seinast Q2.
- Arbeidet med å planleggja utbygging av Manger skule hastar grunna aukande elevtal. Det bør derfor koma inn eit punkt om dette i kommunedelplanen for Manger.
- I mange ulukkestillhøve veit vi at kvart minutt er svært viktig for om mogleg redda liv og helse. Det er difor svært viktig at vakhavande befal i brannvernet har bil med seg heim, med eit minimum av førstehjelpsutstyr (hjartestartar m.m.), som såleis kan koma raskt på plass, medan ein ventar på brannbil med mannskap. Radøy manglar i dag «first responderbil». Kommunestyret ber om at det snarast vert sett på dagens ordning. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i saka med inndecking av eventuell investering.
- Belysning gangveg Austmarka og Trævegen (vert å utføra innan TS-tiltaka).
- Kommunestyret føreset at landbrukskontoret vert fullt bemanna snarast råd.

